



Erik Backus  
Knarvikgarden 33  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/622 - 18/10899

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.04.2018

## Registrert feil/manglar ved slamtømming - gbnr 121/27 Knarvik

Lindås kommune har 23.02.2018 motteke melding frå Norva 24 Birkeland om at slamavskiljaren på egedomen dykkar er full av filler og ikkje kan tømmast.

Regelmessig slamtømming er naudsynt for at avlaupsanlegget skal fungera. I følge gjeldande regelverk skal slamavskiljarar tilknytt heilårsbustadar tømmast heilt for slam etter behov og ikkje sjeldnare enn anna kvart år. Manglande slamtømming vil medføra fare for forureining.

Dersom filler og liknande vert kasta i toalettet vil dette kunne føra til at slamavskiljaren og avløpsleidingar ikkje lenger fungerer. Slamavskiljaren kan heller ikkje tømmast med ordinært utstyr og eigar må difor sørga for at ekstra slamtømming vert rekvirert og gjennomført. Vi gjer merksam på at ekstratømming ikkje vert dekkja av det kommunale slamgebyret, jf § 6 i forskrift for slamtømming.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørga for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Ekstratømming av slamavskiljaren må gjennomførast. Frist for arbeidet vert sett **02.05.2018**.

Slamtømming skal gjennomførast av godkjend føretak og slam skal leverast til godkjend mottak.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdere å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Når slamtømming er gjennomført må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø



Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbeta lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Erik Backus  
Monika Knarvik

Knarvikgarden 33 5955  
Knarvikgarden 33 5955

LINDÅS  
LINDÅS



# LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

## TILBAKEMELDING OM UTFØRT ARBEID

Skjemaet skal sendast straks etter at avløpsleidningen/avløpsanlegget er utbetra til:  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

ArkivsakID: 18/622

Gbnr: 121/27

Adresse:

Tiltak: Velg

Eigar/styrar/festar:

*Skal fyllast ut av eigaren av anlegg/leidning:*

<b>Kort utgreiing om arbeidet:</b>	
<b>Arbeidet er utført av:</b>	
<b>Stad og dato:</b>	<b>Underskrift:</b>

Vedlegg: Fotodokumentasjon på utført arbeid